

Fra: Mona Høgli (monahogli@gmail.com)

Sendt: 20.08.2020 13:09:14

Til: Politisk

Kopi:

Emne: skriftlig spørsmål til SAMO

Vedlegg:

Jeg sender med dette inn spørsmål til SAMO.

mvh

Mona Høgli

MDG

Koronakrisa har gitt oss utfordringar når det gjeld å reise kollektivt. Skyss har oppmoda publikum om å ikkje reise i rushtida og å stå over fulle bussar og bybanevogner. Nokre av dei reisande kan ikkje reise utanom rushtida, dei må stille på jobb til bestemte tider. Men mange av oss kan endre reisetidspunkt. Fleksible billettar er eit tiltak som kan stimulere fleire til å unngå dei tidspunkta med flest reisande.

Billettsvala i Bergen er enkeltbillett, dagsbillett eller månadsbillett. Andre byar, som Berlin, har i tillegg kortstrekkbillett og etter-kl-10-billett på dei offentlege transportmidla.

Etter-kl-10-billett er ein billegare månadsbillett der ein kan nytte kollektivtilbodet etter rushet. Slik fordeler dei reisande seg utover morgontimane. For menneske som bur i nærleik av jobben, kan det vere mogeleg å gå til jobb og ta buss resten av dagen. Andre med fleksible timeplanar eller jobbtimar kjem også godt ut.

I den situasjonen vi er i no, med pandemi og utfordringar med trengsel i kollektivtrafikken, kan slike tiltak vere til god nytte for å unngå smitte. Samtidig vil det kunne gi oss verdifull erfaring med meir fleksibilitet for dei reisande.

Spørsmål: Kan det vere aktuelt å innføre slike billettypar også i kollektivtrafikken i Vestland?